

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 12.-13.06.2019**

**Svein Halleraker (H)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget vedtar at framtidig lokalisering av verkstader til faga T.I.P, EL og Naturbruk skal lokaliseras på Rubbestadneset.»

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3

I ei framtidig organisering av TO-tilbodet i Vestland fylkeskommune er det i eit gjennomførings- og inkluderingsperspektiv ønskjeleg at elever i større grad blir inkludert i ordinære klasser heller enn eigne HT-grupper. Fylkestinget ber om en utredning om hvordan man i større grad enn i dag kan tilrettelegge den videregående opplæringen slik at denne elevgruppen får tilfredsstillande utbytte innenfor det ordinære opplæringstilbodet. Dette arbeidet skal sees i sammenheng med fylkessammenslåingen som skissert i RS 19/2019.»

**Elizabeth Toft Erichsen (V)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3

I ei framtidig organisering av TO-tilbodet i Vestland fylkeskommune er det i eit gjennomførings- og inkluderingsperspektiv ønskjeleg at elevar ikkje blir tekne inn til eigne HT-grupper. Elevane må takast inn i ordinær opplæring, og utgangspunktet for tilrettelegging i vidaregåande opplæring må vere å gi elevane tilfredsstillande utbytte i det ordinære opplæringstilbodet.»

**Emil Gadolin (A)** sette fram slikt forslag (a):

«Nytt punkt:

Fylkestinget føreset at saka skal tilbake til politisk behandling dersom vilkåra i saksframleggget blir endra.»

**Emil Gadolin (A)** sette på vegne av A, Sp, Krf og SV fram slikt forslag (endring av første forslag) (b):

«Nytt punkt 3

Fylkestinget reverserer vedtaket som først vart fatta av eit fleirtal i 2013 om å flytte TO-tilbodet frå Bømlo til Stord. Fylkestinget vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiter for å sikre et godt tilbod til denne elevgruppa ved nye Bømlo vgs og i fylket generelt. En bør særlig i arbeidet med fylkessammenslåinga sjå på muligheter for meir inkludering og tilrettelegging i ordinære klassar slik som det vert vist til i RS 19/2019.»

Svein Halleraker (H) trekte sitt forslag.

Emil Gadolin trekte sitt opprinnlege forslag.

Elizabeth Toft Erichsen trekte sitt forslag.

### **Røysting**

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Gadolin sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag (b) fekk 45 røyster( A, Sp, Krf, SV, V, MDG, R, Frp) og vart vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget vedtar at framtidig lokalisering av verkstadar til faga TIP, EL og Naturbruk blir i nybygget til UNITECH på Rubbestadneset, alternativ C.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å forhandle endeleg avtale med eigar av nybygget til UNITECH basert på vedlagte intensjonsavtale når endeleg fagtilbod er vedtatt.
3. Fylkestinget reverserer vedtaket som først vart fatta av eit fleirtal i 2013 om å flytte TO-tilbodet frå Bømlo til Stord. Fylkestinget vedtek at administrasjonen skal utgreie moglegheiter for å sikre et godt tilbod til denne elevgruppa ved nye Bømlo vgs og i fylket generelt. En bør særlig i arbeidet med fylkessammenslåinga sjå på muligheter for meir inkludering og tilrettelegging i ordinære klassar slik som det vert vist til i RS 19/2019.
4. Fylkestinget føreset at saka skal tilbake til politisk behandling dersom vilkåra i saksframleggget blir endra.